

Til:

Kommune, fylke, og stat, aktuelle grunnleigerar og naboar


Plan ID: 202204

Arkivsak ID: 1999

Ulsteinvik, 06.05.2024

## Varsel om oppstart av detaljregulering og høyring av planprogram - Vassbehandlingsanlegg i Moltudalen

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-8, og løyve gjeve i møte i Utval for samfunnsutvikling 17.04.24, blir det varsla oppstart av arbeid med detaljregulering for Vassbehandlingsanlegg i Moltudalen, planID 202204. I samsvar med plan- og bygningslova § 4-1 vert også forslag til planprogram lagt ut på høyring. Området er ca. 28,6 daa og avgrensa som vist på kart nedanfor.



Forslagsstillar er Herøy Vasslag v/ styreleiar Per Arne Gjerdsbakk tlf. +91 39 69 80.

E-post: [styret@heroy.vasslag.no](mailto:styret@heroy.vasslag.no)

Planområdet er lokalisert langs Nygjerdevegen i Moltudalen i Herøy kommune. Det omfattar i tillegg til område for planlagt vassbehandlingsanlegg også delar av Nygjerdevegen KV175, samt privat tilkomstveg PV99600.

Hensikta med planen er å avklare om ein kan få planrammer for etablering av vassbehandlingsanlegg (reinseanlegg og reservevassbasseng ) innanfor foreslått planavgrensing i Moltudalen. Målet er å sikre ei trygg og framtidretta vassforsyning til heile Herøy kommune. Tiltaket omfattar sjølve vassbehandlingsanlegget, samt at humus frå råvatnet planleggast ført i leidning frå planområdet til sjø. Planarbeidet vil såleis få verknad utanfor sjølve planområdet.

Planområdet er i gjeldande kommuneplan avsett til LNF-område. For planar som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn skal det i samsvar med pbl. §§ 12-3 og 4-1 utarbeidast planprogram som grunnlag for planarbeidet. Hensikta med planprogrammet er å styrke den innleiande fasa av planarbeidet, samt å klargjere behovet for utgreiingar. Det er ikkje sett krav om konsekvensutgreiing.

Etter at utkast til planprogram vart utarbeidd har det vore teke avgjerd i jordskiftesak, registrert med matrikelnummer gnr. 60, bnr. 497. Grunneigarar etter jordskifteavgjerd vert varsla slik det kjem fram av vedlagt varslingsliste.

Ytterlegare opplysningar om planen kan fåast hjå Sporstøl Arkitekter AS. Naboar, grunneigarar og høyringsinstansar vert varsla direkte. Varslingsdokument er tilgjengeleg for nedlasting på [www.sporstol.no](http://www.sporstol.no) under fane «Aktuelt», og på Herøy kommune si heimeside.

Innspel til planarbeidet bes sendt skriftleg til plankonsulent:

Sporstøl Arkitekter AS - boks 301 - 6067 Ulsteinvik

E-post: [silje@sporstol.no](mailto:silje@sporstol.no) - Tlf.: 700 18 550

**Frist for innspel er 23.06.2024.**

I samband med varsel om oppstart av detaljregulering og høyring av planprogram vert det halde eit orienteringsmøte for grunneigarar, naboar/berørte, grunneigarlaget og Moltustranda vassverk. Det vert orientert om planlagt tiltak og om planprosessen. **Møtet vert i Herøy Vasslag sine lokaler, Kvithaugsmyra 71, 28.05.24 kl. 18.**

Med helsing

Silje Skaro  
Sporstøl arkitekter

## Vedlegg

- V0 Planprogram Vassbehandlingsanlegg i Moltudalen - februar 2024
- V1 Planavgrensning datert 22.02.24
- V2 Referat frå oppstartsmøte datert 09.12.22
- V3 ROS-sjekkliste datert 23.02.24
- V4 Mattilsynet - krav om tiltak datert 06.10.23
- V5 Statsforvaltaren – løyve til utslepp i Moltuvika datert 20.04.23
- V6 Runde Miljøsender - Vurdering omkring planlagt utslepp frå reinseanlegg på Moltu datert oktober 2019
- V7 Runde Forsking - Utslepp til Moltuvika av filterrest frå planlagt reinseanlegg for drikkevatt. KU for marint miljø - datert august 2022
- V8 Miljøfaglig utredning – konsekvenser for naturmangfold datert 22.02.24
- V9 K-sak 16616. Hovudplan vassforsyning Herøy kommune - prosess med sikte på samanslåing av vassverk
- V10 Aurvoll og Furesund AS - Førebels illustrasjon av planlagt tiltak av 14.11.23
- V11 Godkjenning frå Mattilsynet datert 16.10.20
- V12 Birdlife – naturfagrådgeving datert 14.02.24
- V13 Vedtak om planoppstart med planprogram – Utval for samfunnsutvikling datert 17.04.24
- V14 Varsla høyringspartar